

Grunneigarar i Ommedal
v/Tove Hanne Ommedal
6829 Hyen

20.10.2014

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

GJENGEDAL KRAFTVERK – TILLEGGSUTTAL TIL KONSESJONSSØKNAD OG KONSEKVENsutGREIINGAR

Viser til konsesjonssøknad frå SFE Produksjon AS (SFE) gjeldande bygging av Gjengedal Kraftverk høyringsutaler med svar og synfaring i regi av NVE 23.09.14. Under synfaringa vart det opplyst at dersom ein hadde nye innspel til konsesjonssøknaden, kunne ein melde desse til NVE innan 20.10.14.

Grunneigarane i Ommedal har i heile prosessen vore bekymra for kva konsekvensar ei eventuell utbygging vil gje for laks- og sjøaurestamma i elva og utøvinga av fisket. Fiskesesongen i 2014 har vore prega av lita vassføring i elva med berre ein flaum over 30m³/s. Det vart berre fanga 45 laksar i elva i sommar, hovudtynga i juni og i rett etter den omtala flaumen. Etter fiskesesongen har vi gjennomført 2 teljingar av gytefisk. 20.09. var det ikkje ein einaste fisk å sjå mellom Ommedalsvatnet og Gjengedal bru. 15.-17.10. vart det gjennomført ei ny teljing, då vart det observert 25 fiskar på same strekninga. Mellom desse teljingane var det ein stor flaum (115m³/s). Både fangstatestikken og teljingane illustrerer det som vi har hevda heile tida: Elva er avhengig av flaumar for at fisken skal gå opp.

SFE foreslår i svaret sitt til høyringsuttalane eit manøvreringsreglement der Storevatnet skal liggje på HRV i tida 15. mai til 15. august. Dette er meint å fjerne flaumdempinga slik at flaumtoppane i elva ikkje skal bli påverka av reguleringa. Vi vil presisere at fiskesesongen per no er frå 01. juni til 31. august og at eit eventuelt manøvreringsreglement minst må dekke denne perioden. I tørre år, som i år, må ein sikre at elva får dei flaumane den kan få slik at gytefisken kjem seg opp. Vidare meiner vi at når det framleis er tenkt regulering av Dalevatnet, så er ikkje dette ei fullgod løysing for å la elva vere mest mogleg naturleg. Det kan ein berre oppnå ved å ikkje regulere i det heile.

Vi stiller også spørsmål ved økonomien i prosjektet når ein kan risikere stogg i produksjonen ¼ av året som fylgje av foreslått manøvreringsreglement i tillegg til dei tørre periodane om vinteren, og fryktar at SFE spekulerer i å få endra vilkåra etter at konsesjon er gitt.

Elles så konstaterer vi at SFE i svaret sitt til høyringsuttalane framleis ikkje klarer å vere konkrete på kva konsekvensar ei utbygging vil føre til. Dei vage formuleringane i konsekvensutgreiingane er grunnjevne med at det finnest ingen «fasitsvar» i naturen. Dette framstår som eit litt lettvindt svar. Etter vårt skjønn skal ei konsekvensutgreiing belyse konsekvensane av ei utbygging. Slik at ein kan gjere ei vurdering på om utbygginga kan gjennomførast eller ikkje. Då må ein søke å finne gode svar

på dei usikre momenta – ikkje skulde på at det ikkje finnest svar eller at ein skal kome tilbake til det i detaljfasen.

I pkt 5.17 i svaret sitt til høyringsuttalane hevdar SFE at dei ikkje er kjent med at sprengstoffrestar og partiklar frå tunneldrivinga vil kunne bli ein fare for livet i elva og at rogn, yngel og ål vil kunne døy. Vi foreslår då at dei les rapporten «Avrenning av vann fra sprengningsarbeid» (UTB 2005/06) utgitt av Statens Vegvesen. Her er det fleire døme på kva problemstillingar tunneldrift vil kunne føre til.

Etter å ha lese SFE sitt svar til høyringsuttalene er vi framleis like skeptiske til utbyggingsplanane. Dokumentet bidreg ikkje til å klargjere nokon av problemstillingane som har vorte reist i prosessen og er ei vidareføring av den tåkelegginga som konsekvensutgreiinga gav inntrykk av å vere.

Vi held fast ved vår konklusjon frå sist og krev at NVE ikkje gjev konsesjon til bygging av Gjengedal kraftverk.

Beste helsing

Tove Hanne Ommedal
på vegne av grunneigarar i Ommedal